



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo

## Fråsegn - forslag til endringar i opplæringslov og privatskolelov - kompetanseregler m.m.

Fylkesmannen i Rogaland viser til brev frå Kunnskapsdepartementet datert 20.10.2010 der det vert invitert til høyring i høve forslag til endringar i opplæringslov og privatskolelov – kompetansereglar m.m.

Fylkesmannen i Rogaland ønskjer å kome med fylgjande uttale i høve forslag til § 10-9 i opplæringslova og tilsvarande § 4-3 i privatskolelova:

*I forslaget til § 10-9 i opplæringslova og tilsvarande § 4-3 i privatskolelova vert ordet "mindreårig" nytta. Fylkesmannen i Rogaland meiner at det eksisterande tilsetjingsforbodet i grunnskolen bør utvidast til òg å gjelde vidaregåande skolar i høve til seksuelle overgrep mot mindreårige, i og med at det etter lova vil vere mindreårige elevar òg i vidaregåande skole.*

*Fylkesmannen i Rogaland vil streke under at elevar i vidaregåande skole framleis er i ein sårbar alder. Dei vaksne som arbeider der, vil ofte vere autoritetspersonar i høve til elevane. Det vil derfor vere viktig at elevane kan kjenne seg trygge på at ingen av dei som arbeider i vidaregåande skole er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige.*

*Fylkesmannen i Rogaland vurderer det òg slik at mange allereie i dag oppfattar den eksisterande § 10-9 i opplæringslova og tilsvarande § 4-3 i privatskolelova på ein slik måte at det allereie er tilsetjingsforbod i vidaregåande skole i dag for personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige. Ei lovendring vil derfor slik Fylkesmannen i Rogaland ser det, berre stadfeste gjeldande praksis.*

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl (sign.)  
utdanningsdirektør

Hjalmar Arnø (sign.)  
rådgivar

Saksbehandlar: Hjalmar Arnø  
Saksbehandlars telefon: 51568741  
E-post: [hjalmar.arno@fmro.no](mailto:hjalmar.arno@fmro.no)

---

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 51568700	e-post: <a href="mailto:postmottak@fmro.no">postmottak@fmro.no</a>	Telefon: 51568700
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 44 Stavanger	Telefaks: 51568811	Heimeside: <a href="http://www.fylkesmannen.no/rogaland">www.fylkesmannen.no/rogaland</a>	Telefaks: 51568811